



Hordaland fylkeskommune

26 SEPT 2014

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Salhus, 23. september 2014

Dykkar ref.:

Vår ref.: 153.2/302.14AOM

### SØKNAD OM STØTTE KR 50 000 TIL UTGJEVING AV BRAKABOKA

Museumssenteret i Hordaland skal gje ut ei bok om brakakledning i Hordaland med særleg vekt på Osterøy og bygdene kring. Vi søker om kr 50 000 til delvis dekking av kostnadene til publisering.

Boka tek for seg ein del av ein byggjeskikk som er særmerkt for Hordaland og særleg Osterøy, ein kledningsmåte med røter i førhistorisk tid som framleis er i bruk. Denne særeigne kledningsmåten vert sett inn i ein historisk samanheng med vekt på utbreiing og bruk og på endringar over tid før ein går nærmare inn på framgangsmåte, læring og tradisjonsformidling. Veggar av brakje har gått frå å vera eit teikn på praktisk tilpassing til stram økonomi til å verta symbol på lokal tilknyting og identitetskjensle. Avslutningsvis vert drøfta kva dette "hamskiftet" kan ha å seia for vern og vedlikehald, med mellom anna gjennomgang av moment som bør drøftast i ein verneplan. Boka vil bli viktig for kulturminnevernet og dei som restaurerer tradisjonelle bygningar med barkekledning særleg i Hordaland.

Arbeidet er ei vidareføring av forprosjektmidlar frå Noregs forskingsråd (1999). Sentrale kjelder har vore SEFRÅK-registreringane og Kulturgeografisk registrering for Vestlandet i tillegg til synfaringar og intervju.

Forfattar Randi Andersen er avdelingsleiar på Osterøy museum og har hatt 5 månader permisjon med løn frå Museumssenteret i Hordaland og stipend frå Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening.

Omfang vert ca. 120 sider og boka er forventa utgjeve før jul i år.

Venleg helsing

Atle Ove Martinussen  
direktør